

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Jølster.

Emne: Bål brenning visse dagar

Bygdelag: Eikås og Gjesdal krinsar

Oppskr. av: Eirik Hjelmbrekke

Gard: Målteig

(adresse):

G.nr. 59 Br.nr. 18

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Her ikring kallar dei bålet "priselde".
- 2.Namnet er det same kva ein brenner det.
- 3.Um små bål vert ofte sagt "elde". Vi gjorde upp ein elde.
-
- Tida.
- 4.Nei, ingen har nemnt um bål av sers ved i joli.
- 5.Julelog er ukjent her.
- 6.Ingen veit um at nokon brende bål i påskehelgi..
- 7.Ingen veit um bål påskemorgonen.
- 8.Ja, dei brende bål jonsokaftan, og stundom syftesokkvelden, men ingen veit um bål pinsaftan og olsokaftan.
- 9.Stølseld er ukjend her.
- 10-13.Ukjent her.

Staden.

- 14.Dei hadde visse stader. I sume krinsar hadde ei grend bål for seg sjølv, andre stader var heile krinsen saman um eitt bål. I Sandalkrinsen bygde dei bålet uppa ein hamar ovani bøgardane. I Gjesdal hadde dei det på Knoltren, ein stor haug midlides, og i Eikås drog dei oppum fureskogen og kveikte bålet, so dei kunde sjå granne- det i krinsane ~~xxx~~.
 - 15.Jonsokbålet var årvisst, men ikkje bål andre tider.
- Brende dei bål i syftesokhelgi eller med Barsok, var

det ikkje visst at dei brende det på same staden/jonsok-
 bålet hadde vore.I Gjesdal brende kvart år priselde på
i varsokhelgi)
 Gjesdalsstølen/Jonsokbålet var på Knoltren.I Sandal
 brende dei bål syftesokhelgi -ikkje årvisst,og det var
 på same staden som jonsokbålet var brent.

16.Nei,dei brende ikkje bål på kvar gard.

17.Ukjent at dei brende bål attmed kviene

Dei som steller med bålet.

18.Det var ungdomane og borni som var med og brende båli.

Gifte menn og kvinner møtte au upp,men dei gjekk tidlegare heimatt enn ungdomen og borni.

19.Ja,gjentor og gifte kvinner fekk vera med.

20.No er det helst born som brenner bål,men det hender ungdomar brenner bål au.

21.Ja.Eikås ungdomslag brende jonsokbål siste sumaren,
 men det var attmed ungdomshuset.Gjedal ungdomslag har
 brent jonsokbål two sumrar på rad,men nede i bygdi,
 attmed ungdomshuset.

22.Har ikkje fabrikkeigarar i bygdi.

Korleis dei bygde bålet.

23.Steingruve var ikkje nytta.Sume sette ein staur eller
 ei stong ned imarki.Det var det fyrste.Det som skulde
 brenna,vart so lagt kring denne stongi,upp og upp i
 høgdi.Andre nytta ikkje stong,men bygde elles sameleis.

24.Vyrke dei nytta,var alltid eine-buske (brakje).Her var
 ikkje båtar eller tjøretunnor,ikkje nemnande.Det har
 nok hendt at dei rodde ei tjøretunne utpå Jølstravatnet,
 kveikte i henne og let henne liggja brenne ute på
 vatnet.9 slags lauvved er ukjent.

25.Ukjent med skapnader som skulde brennast på bålet.

Bålvrke.

26.Nei,dei kjøpte ikkje vyrke til bålet.~~Nei,xetxxvarxikke~~

27.Nei,det var ingen regel at alle skulde yta til bålet.
-vokere gular kom saman nokre kveldar fyre
jonsok og bygde bålet.

hogg
 28.Ja.dei/vedrundt ikring den staden der bålet skulde vera.Dei spurde ikkje um løyve frå eigaren(skogeigaren), men det hende visst ikkje at ein skogeigar kom med klagemål over åtfjerdi.

29.Nei,dei hadde ikkje namn på dette.

30.Tradisjonen er at dei får hogga vyrke til bålet, i utmarki.

Korleis bålet skulde vera.

31.Jonsokbåli var like store og like på skap år etter år.
 Sameleis var det/^{med} Barsokbåli og syftesokbåli au.

32.Det var ingi kapping um storleiken.

33.Ja,det var gildt med stor loge,men dei gjorde ikkje noko sers so logen skulde nå høgt til vers .

34-35. Har ikkje hørt noko/^{um} det,at bålet skulde ryka mykje, eller at gneistane skulde krinsa i lufti.

Kva bålet skulde tena til.

36-39. Ukjent.

Sjølve festen.

40.Dei heldt jonsok-moro,sa dei.

41.Dei tilårskomne som sat heime,festa ikkje.

42.Var veret godt,heldt dei seg kring bålet til det ljosna a~~o~~ dag.

43.I Sandal koka dei gumbe(dravle) jonsoknatti.Når vyrket var nedbrunne,sette dei ein kjel på gloddungen,slo mjølk uppi og koka gumbe på glørne . I Eikås og Gjesdal hadde dei ikkje mat med,og ikkje øl heller.

44. Dei dansa,men ikkje rundt bålet.Var veret godt,dansa dei på nærmeste flati.Var veret ruskut,gjekk dei til tuns og dansa,på låven eller i eit anna hus.

45. Nei,dei hoppa ikkje over det nedbrende bålet.

46.Borni sprang gjennom røyken,men ikkje dei vaksne.

47. Dei tok ikkje kol med seg.

48. Veit ikkje noko å nemna.

42.

Skikken i dag.

49. Folk i dag tykkjer ungdomen bør halda fast på tradisjonen.Og ungdomen tykkjer gildt um jonsokmoro med priselde og leik og dans,og kaffikoking.Mat må au vera med.
50. Skikken har halde seg til no.Siste åri har det auka på med jonsokbål.Men no dreg ikkje ungdomen til dei gamle stadene på hamrar og knoltrar,dei held seg nede i bygdi,helst attmed ungdomshusi.
51. Det ligg ein lengt i hugen etter samband med gamletidi,etter romantikk.Kan henda "Jonsokbål" av Astrup har skuva på.Skikken har heller auka enn minka.

Desse har svara på ymse spørsmål : Moses Støfring,bonde, 58 år,kona hans,Danhilda Støfring 54 år,Johannes Ospehaug,75 år,bonde h.v. Sumt har eg svara på sjølv.

Eirik Hjelmbrække.

XJap 15. Dei dansa i eit sel,sett ut bordet,ja,stundom bar dei sengi au ut på seltunet,so det vart betre rom til dansingi.Var veret godt,dansa dei ute.